



# Framleis Nettbuss i Vest

**PRESSEMELDING**  
30.11.2011

**KONTAKTPERSON:**  
Karl Inge Nygård,  
kontraktansvarleg i Skyss,  
mobil: 930 88 971

22. juni tildelte Skyss kontrakt for kjøring av buss i vest for perioden 25.juni 2012 til 24.juni 2019 til Nettbuss Drammen AS. To av tilbyderane påklaga gjennomføringa av konkurransen til KOFA (klagenemnda for offentlige anskaffingar), i samband med dette aksepterte Skyss å avvente kontraktsignering inntil klagesaka var behandla.

I KOFA sine rådgevande uttalar av 7.november 2011 vart det konkludert med enkelte brot på regelverket for offentlege anskaffingar. På bakgrunn av KOFA sine uttalar har SKYSS funne det påkrevd med ein ny beslutning om tildeling. Beslutninga bygger på vurderingar som tek omsyn til KOFA sitt syn.

Resultatet av den fornya vurderinga viser at Nettbuss Drammen AS har det økonomisk mest fordelaktige tilbudet og skal tildelast kontrakten. Klagepunkta som var gjenstand for behandling i KOFA har såleis ikkje hatt betydning for resultatet.

Ruteområdet omfattar Vest (Sotra/Øygarden/Askøy).

Operatøren av ruteområde Vest skal nytte bussenlegga på Straume og på Haugland.

Nettbuss Drammen AS er kåra som vinnar av anbodskonkurransen ut frå ei vurdering av desse tildelingskriteria:

Pris (60 prosent), kvalitet (30 prosent) og miljø (10 prosent).

Nettbuss Drammen AS vann anbodet i konkurranse med Nobina Norge AS og Tide Buss AS.

Oppdraget utgjer til saman 4 756 584 rutekilometer pr. år og er ein av dei største rutepakkane i Hordaland.

Nå som kontrakten for Vest (Sotra/Øygarden/Askøy) er tildelt er busstransporten i heile fylket konkurranseutsett.

---



Hordaland fylkeskommune ved Skyss administrerer kollektivtrafikken i fylket gjennom å planlegge, kjøpe og marknadsføre kollektivtransport på buss, bybane, båt og ferje.